

Tur 9

Eide - Roaldsfjorden

Lengde: ca. 2,0 km

Tid: ca. 1 t. inkludert tur til Havåsen

Terreng: skiftar mellom hei, lyngmark og myrar

Ca. 400 m frå Kåso mot Eidesvik tek ein av mot høgre ved postkassestativ. Derifrå går ein gjennom tunet på bruket Solheim og følgjer kjerreveg eit stykke vestover. Stien vidare går gjennom lyngmark, hei og myrområde nord- vestover mot Roaldsfjorden. Når ein er komen omlag halvvegs, kan ein leggja turen opp på Havåsen til venstre. Her er det flott utsikt mot Espevær, Nordøyane og havet i vest. Sjå elles tur 10.